



Robert A. Voldnes
Distriktsguvernør D 2305
2026 - 2027

Månadsbrev for september 2026.

Kjære rotaryanar !

Som alle har fått med seg gjekk vår kjære kong Harald V ut av tida 28 august. Kongen var rotary i Norge sin æresguvernør. Vi veit førebels ikkje om kong Haakon VIII vil ta på seg det same vervet. Det vil vi måtte kome tilbake til. Styret i Norfo (alle 6 distriktsguvernørane) sendte ei «god betring-helsing» til kongen veka før han døydde. Styret har sjølvsagt kondolert kongehuset etter dødsfallet.

Vi i Rotary distrikt 2305 takkar kong Harald for si gode gjerning for rotary i Norge.



Rotarytema i september er «Basic education /literacy month»

På norsk vert dette **månaden med fokus på grunnutdanning og litteratur.** I dette ligg det at alle barn fortener å få moglegheit til å lese, lære, drøyme og lukkast ! Slik er det ikkje alle stader. Men det vi veit er at rotaryanarar og klubbar over heile verda jobbar for å bidra. Dette er svært viktig når vi veit at det sterkaste fundamentet for utvikling og transformasjonar (både i liv og samfunn) ligg i utdanning.

So korleis kan klubbane i vårt distrikt gjere noko for å sette søkelys på dette ? Kva med å ta besøk på biblioteket, ta i mot besøk av lokale forfattarar eller relevante folk frå skulen? Eg veit at klubbar kring om gjer nettopp dette.

I mi eiga kommune Herøy har dei akkurat no tilsett ein «leseinspirator» ! Ikkje ukjende skodespelar Fredrik Steen (alias Hildegunn Moltubakk mm.). Det å styrkje lesegleda og ferdigheiter er målsetjinga for stillinga! Midt i blinken for vårt tema i september !



Fredrik Steen. FOTO: SILJE S. MORK /HERØY KOMMUNE



Bjørnar Torvholm Sævik
Journalist

Oppdatert: to dagar sidan | Publisert: to dagar sidan

Herøy kommune har tilsett Steen i ei eittårig prosjektstilling som leseinspirator. Han skal arbeide både ved Herøy folkebibliotek og ute i skulane, med mål om å styrkje både leseglede og leseferdigheitene.

Poliokampanjen: Eg vil og minne klubbane på å tenkje og planlegge Poliokampanjane. Tenk over kva for signalbygg de vil lyse opp - og skaff løyve. Planlegg kva type andre aktivitetar de vil ha for å skaffe midlar til kampanjen. Bestem kva slags mediestunt de ser føre dykk i klubben. Eg veit at fleire klubbar vil stille seg opp der det går føre seg vaksinasjon og selje poliorelaterte «produkt». Det vil kome meir om dette etter kvart frå TRF komiteen og poliokoordinator Henning Lindeth lindseth.he@gmail.com.

RLI – Rotary Leadership Institute

Som nemnt før er fem av oss i distriktsleiinga no sertifisert som fasilitatorar. Det vert difor første pilot på Honne siste helga i November, samt ein pilot i vest (Ålesund) 17 og 18 april. Informasjon om dette første er sendt ut til klubbane i aust. Informasjon til klubbar i vest kjem etter kvart. Det vert og meir informasjon om RLI på distriktskonferansen i Fosnavåg.

Palanga (Litauen). Rotary Action Summit.

Også frå vårt distrikt tok ein delegasjon del denne veka i Palanga. Der er det både pålagd opplæring av DGNår (Kristin Wangenstein) og DGEår (Dagny Sjaatil og partner Bjørn Unneland) samt ein ordinær Action Summit.

Det deltok rotary-folk frå sonene 15, 16, 17 og 18.

Sone 18; Noreg, Sverige, Danmark, Finland, Island, Estland, Latvia, Litauen.

Sone 17: Tyskland, Austerrike, Sveits, Liechtenstein

Sone 16: Polen, Tsjekkia, Slovakia, Ungarn, Ukraina (nokre distrikt), Romania (nokre distrikt) Moldova (nokre distrikt)

Sone 15, Storbritannia, Irland, Nederland (nokre distrikt), Belgia/Luxembourg (nokre distrikt)

Info.; Ein Rotary Action Summit er open for alle rotarianarar, ikkje berre for guvernørar eller andre leiarar. Programma er utforma for klubmedlemmer, distriktsleiarar, Rotaract-medlemmer, fredsstipendiatar og andre som ønskjer inspirasjon, nettverk og læring. Samtidig kan enkelte programpostar vere retta mot spesielle målgrupper, til dømes framtidige guvernørar (GELS/GNLS), distriktsfunksjonærar og Rotaract. Palanga-summiten har vore marknadsført som eit møtepunkt for rotarianarar frå heile Østersjø- og Norden-området, med

fokus på fred, tryggleik i Baltikum, medlemsutvikling og internasjonale prosjekt

I løpet av denne veka møttast dermed ulike rotarymedlemmar, innkomande rotary-leiarar, distriktsguvernørar, fredsstipendiatar og også unge leiarar til faglege forum, nettverksbygging og kulturprogram. Forum om medlemsutvikling, Rotary Foundation, Polio, strategisk planlegging og konfliktførebygging vart heldt. Ein Interact- og Rotaract-chartringsseremoni (oppstart) med deltaking frå Rotary International-president Yinka Babalola vart arrangert og ein «House of Friendship» fungerte som møteplass for distriktsprosjekt, fellowship-grupper og internasjonale samarbeidspartnarar. Også Baltic Sea RYLA 2026 vart arrangert paralelt. Ryla er som vi veit rotary sitt internasjonale ungdomsleiarprogram - denne gong med fokus på leiarskap, berekraft og vern av Austersjøen.

I tillegg var der sommarsportsleikar for rotaryanarar (Rotaryada !) som har gått der i 25 år med kring 2000 ! deltakarar. Open for dei som var på Summit.

Neste haust vert denne summiten arrangert i Italia og som nemnt er dette ope for alle medlemmar av Rotary. Der skal og vere ei stor Rotary International Convention i Barcelona til sommaren. Den er og open for alle rotaryanarar. Dette vil vi kome meir attende til seinare.



Nokre deltakarar frå distrikt 2305 ! Bak fv. Monica Tollefsen (ledsager), Arild J. Evensen (AG), Frode Sam Hauen (AG), Berit Brendskag Lied (AG), Morten Samuelsen (kasserer) og Lidun Hareide (fasilitator og polio-koor. i sonen)) Framme fv. Uno Arnesen (AG), Kristin Wangensteen (DGN), Dagny Sjaatil (DGE) og Laila Hurlen (sekretær).

Klubbesøka.

Som guvernør får eg invitasjonar til å besøke klubbane. Det er gledeleg at klubbane vil ha besøk. Som kjent er det i år slik at eg prioriterer dei i vest som eg kan rekke etter arbeidstid. So vil eg sjå litt seinare på året om det er råd å få til nokre besøk også på austsida.

Eg er no i gong med desse besøka der klubbopplevinga vil vere det mest sentrale. Eg minner og om den vesle filmsnutten / helsing frå guvernøren som ligg på distriktets heimeside (guvernørens side) for dei som har lyst å sjå den ev. vise den i klubbmøta som helsing og inspirasjon [Videohilsen fra Robert finner dere her](#)

Eg vil berre kort minne om **distriktskonferansen** i Fosnavåg helga 18-20 september. Eg gler meg til å treffe mange av dykk der. Særleg oppmodar eg klubbmedlemmar i nærområdet om å hive seg på dagpass i den grad der er ledig. Kontakt ev. Per Arne Gjerdsbakk perarne@gjerdsbakk.no

Dei nye **heimesidene** er under arbeid og der har alt vore tre webinar knytt til dette. Meir informasjon kjem.

I løpet av hausten får vi sidene ut i klubbane for å teste ut. Men som vi har sagt før – nytt høvet no til å tenkje over kva de i klubben eigentleg vil ha med over i dei nye sidene – og lagre dette trygt mellombels ! Hugs at sidene vert verktøy for å bli sett av dei som ikkje kjenner oss frå før !

Avslutningsvis;

"Gjennom læring byggjer vi fred, vennskap og framtid."

Det kan vel passe som eit høveleg oppsummering knytt til månadens tema – «Fokus på grunnutdanning og litteratur».

Ynskjer dykk alle ein rett god september !

Med engasjert rotaryhelsing

Robert Arent Voldnes
Distriktsguvernør D.2305



Epost: robert@voldnes.no